

## Barne- og ungdomsteatret veks og legg planar

**Dans og anna kroppsbruk, forteljing og dramaskrivning vert tema i haust for Den mangfaldige scenen, som er godt inne i den første viktige prøveperioden.**

Prøveprosjektet held fram denne hausten med om lag 60 involverte med stort og smått. SFO-samarbeidet med Møllergata skule held fram med eit tilbod til 40 ungar, og fleire skular kan koma til. Prosjektleiinga vil dessutan gjerne i gang med ei gruppe litt større born i eit eige pilotprosjekt der dei skal utvikle forteljeteknikkar.

Morten Krohg skal arbeide vidare med ungdomsgruppa med fokus på kroppsbruk, og her blir det også idrettsungdom med. Dei ser for seg ei framsyning i mars, knytt til Kulturminneåret 2009.

Også ein kortare dramatikverkstad er på trappene i haust. Gruppene skal halde til både i Det norske teatret og Teatermuséet.

## LEGG ATT LAUSTENNA - VELKOMEN TIL LAURDAGSFEST PÅ LOKALET!

**I år slår vi saman hausttilskipingane og klaskar til med ein fellesfest under nemninga "Laurdagsfest på lokalet" 15. november, som ei markering av att vi får att Teatersalen etter lang tids utleige. Og her kjem det til å skje ting som aldri har vore sett i Rosenkrantz gt. 8 før!**

Sjølvsagt skal vi ha dans, med dei populære **Østerdølenes spellemannslag** - hoffbandet vårt framfor noko. Da veit vi at det kjem til å svinge.

Det feitaste innslaget vert eit realt slagsmål. Vi har avtalt eit lite show med wrestlaren **Odd Helge Gravalid**, kjend som "Gromguten", med mottoet "Sløssing tebars att te følkjet". Når Gromguten skal slåss, tek han på seg knebrok, øver på telemarksnedslag og har eit fenalår på baklomma. Odd Helge er odelsgutt til ein fjellgard i Telemark og Noregsmeister i det

glørete sirkuset som heiter wrestling: ein aktivitet som utvikla seg mellom skandinaviske innvandra- rar i Midtvesten. Og han har sans for stev og annan folkemusikk!

Sjølvsagt vert det god mat, servert i lagsrommet, som vi ryddar til alternative danseformer etterpå.

### Vil du vere med i nemnda?

Her er plass til kreative & spinnville som vil laga ein minnerik kveld! Det gjeld å la fantasien bløme. Kanskje vi skulle auksjonere bort ei natt på Røkleivhytta med Målnemnda? Alskens sprø framlegg er velkomne.

[Leiarteigen]

### Er vi galne nok?

Dei som var på NU-årsmøtet, vart kjend med ei temmeleg spesiell norsk bygd: Lucky Næroset. I ein avkrok av ein skulekrins på Hedmarken har dei utropa seg som fristat, og sett humor og galenskap i høgsetet for utvikling av bygda. Sjå sjølve på heimesidene deira: [www.lucky-naeroset.no](http://www.lucky-naeroset.no). (Dei har m.a. juletemuseum, noko eg har sakna lenge.)

Kreativ galenskap kunne vi godt hatt litt meir av. Nå trur eg ikkje han manglar heilt i BUL, det er berre at han synst så dårleg! Eg har lurt mykje på kva det kjem av. Kanskje har vi vore så opptekne av å gjere slik vi alltid har gjort at vi har hengt møllesteinar kring halsen på oss sjølve, slik at det ikkje vert krefter att til kreativitet og galenskap?

I så fall kan ein jo spørje: er det noko vi kunne *la vere* å gjere, iallfall for ei stund, slik at møllesteinkjensla kan hende letna? Så slapp det kanskje også fram idéar om nye måtar å gjere dei tinga vi likar på.

Det veit vi ikkje utan å ha prøvd. I haust skal vi iallfall laga ein annleis fest, som de ser.

Elles prøver vi nå å få orden og oversyn og ein betre planleggingshorisont over lagsåret. Det vil ha mykje å seie for heile drifta av laget at alle blir med og tenkjer lengre fram enn ein månad av gangen. Nå skal vi tenkje på 2009 og leggja rammene for aktivitetane. Det kan høyrast som det motsette av spontanitet, men tvert imot er det inga reell motseiing her. Vi bør få til å gi galenskapen betre kår!

Wenche





## Bjeff:

### Teit og lucky

Kva er det teitaste eg veit? Eg trur det er sånne konsulentar som *snakker ungdommens språk* og driv med *branding* og *consulting* og slikt. No har vi fått våre egne i rørsle, og dei heiter Lucky Næroset. Ved å seie inkjeseiande ting om å *våge satse på draumane sine* og slikt, fekk dei landsmøtelyden i Noregs Ungdomslag til å av skaftet av lukke. Eller var det *luck* det heitte?

Lucky Næroset er sikkert bra, det. Og med alt fjolleriet sitt har dei skapt arbeidsplassar ein stad utanfor Ring 3. Likevel får eg kviser på hjernen av å tenkje på alle dei slitsame ordspela og «artige» påfunna innbyggjarane i 2364 Næroset – eller var det 1732 Høtten? – må leve med kvar bigide dag.

No er det viktig at vi alle saman tek oss på tak og sikrar oss mot byllepesten frå indre Austland. Kva treng vi mest av i BUL: Nye medlemmer og gode aktivitetar, eller tøysete namn på styreverva og ein underjordisk flyplass for marsbuarar?

Beste helsing

Jens Kihl

Leiar i Norsk Målungdom

### Aktive BUL-folk på NU-årsmøtet

Frå å ha 200-300 deltakarar på NU-årsmøtet er ein no i underkant av 90 røysteføre deltakarar. Årsmøtet i år er eit godt døme på at det faktisk ikkje treng å leggje ein dempar på ordskiftet.

I år gjekk ordskiftet hardast om den eine fråsegna som NU-styret fremja: Er kulturskulane i overklassa si teneste? Konklusjonen, etter mange engasjerte innlegg, vart at språkbruken vart tona noko ned, medan innhaldet var mykje av det same. Kulturskulane må ikkje overkøyre det friviljuge kulturtilbodet, men samarbeide slik at det kan bli lokale kulturtilbod som har rom for alle.

I arbeidsprogrammet vart det òg ein del endringar, dei fleste etter framlegg frå BUL Oslo og BLS. Det vart særleg gjort tillegg når det gjeld arbeidet for nynorsk og arbeidet for å rekruttere ungdom med fleirkulturell bakgrunn.

Årsmøtet vedtok nesten samrøystes ein ny tilskipingsplan for NU. Det vart gjort store endringar, ved at årsmøtet blir flytta til våren, Folkekulturfestivalen blir Folkedansfestivalen og sommarkursa erstatta med instruktørkurs som helgesamlingar på hausten. Dei åra det er Nordleik blir det ikkje folkedansfestival. Målet er å tilpasse aktivitetsnivået til ressursane

## Ved vegs ende

### Bjarne Mjaaland

Bjarne Mjaaland (20.12.1921-21.07.2008) kom frå Mykland i Agder og vart innmeldt i Idrottslaget (ski-gruppa) i 1950.

Han var i 14 år skogforvaltar på Bogstad Gard (Oslo kommune), deretter 20 år som skogsjef i Oslo kommune. Bjarne var godt kjent med Rødkleivhytta, og var med da ny grenseoppgang og skogforvaltning skulle gjerast. Han var òg sjølvskrivne medlem i komiteen for reising av Johan Grøttumsbråten sin bauta.

I 1960, -70 og -80 åra hadde skigruppa mange store og små skirenn i Nordmarka: Nordmarks-stafetten, Nordmarksrunden, verdsmeisterskap i langrenn for veteranar, Holmenkollen Special Olympics, og mange område-/krinsrenn.

Til alle desse renna var Bjarne ein god støtte-spelar, med Skogvesenet sitt mannskap og maskinpark. Det var aldri nei når skigruppa bad om hjelp til løypelegging, snøkøyning og rydding. Han stilte sjølv opp, godt bemanna for gjennomføring av eit godt skirenn.

og samstundes spreie tilskipingane meir over heile året. Det skal bli spennande å sjå om dette vil auke deltakinga på tilskipingane!

BUL Oslo gjorde òg ein framstøyt når det gjeld kontingentsystemet. Det er 9 lag som er med i både Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Desse laga betaler full kontingent i NU, medan NM krev inn berre halv kontingent. Vi gjorde difor framlegg om at NU skulle vurdere eit tilsvarande opplegg, sidan desse organisasjonane heilt openbert høyrer saman. Dette framlegget vart røysta ned med klårt fleirtal, sjølv om fleire av dei små laga på Agder tydelegvis var samde med oss.

Som vanleg: BUL-utsendingane gjorde mykje ut av seg - Jens Kihl var ordstyrar og Vidar Lund og Sigbjørn Hjelmbrække sat i redaksjonsnemnder.

Desse BUL-medlemene har verv i NU i året som kjem: Teaterrådet: leiar Henning Værnes og medlem Trine Merete Sjølyst. Bunadrådet: medlem Lasse Pettersen. Valnemnda: leiar Vidar Lund og 1. varamedlem Vegar Vårdal.

Utsendingane frå BUL var Olav Kårevik, Rune Bjerke, Astrid Hernes, Vidar Lund, Sigbjørn Hjelmbrække og Jens Kihl.

Vidar Lund

## Nye kostar i BLS

Det nye fylkeslagsstyret med Roy Sævik frå BUL som leiar, har konstituert seg m.a. med Liv Hege Skagestad, også BUL, som nestleiar. Etersom Gunnvald Grønvik vart vald til ny leiar for Bøndenens Hus AS, trekte han seg som leiar for eigedomsnemnda i BLS, men held fram som vanleg medlem. Jon Låte trer inn som leiar i staden, og får plass i fylkesstyret.

Fylkesstyret har vore i kontakt med BHAS for å sjå på moglege samarbeidsformer både om drift og forretningsføring. Tidlegare fylkesleiar Åse Bjorli held fram som forretningsfører til over sommaren.

Eit viktig tema for fylkeslaget framover vil vere å dra i gang eit ordskifte om kva for rolle og oppgåver BLS skal ha.

## Tenkje lengre fram

Med bakgrunn i rapportane frå Telemarksforsking og revisjonsnemnda, og meldinga frå kontrollnemnda, ynskjer lagsstyret å førebu neste år så godt som mogleg saman med særлага.

Eit første møte om dette vert **onsdag 24. september**. Hovudpoenget med dette møtet vil vere å samle opp førebelse idear til arbeidsprogram for alle og budsjettinnspel i samsvar med dette.

Særлага er bede om å ta opp førebuing til møtet 24. september på styremøte over sommaren og drøfte arbeidsprogram og budsjett for 2009 allereie då.

Eit oppfølgingsmøte vil bli halde **onsdag 5. november**. På dette møtet vil vi justere arbeidsprogram/samle trådar, arbeide fram eit budsjettframlegg til Rådet og setje opp kalender for 2009.

## Stoda i LR

Etter to årsmøte på våren klarte ikkje Leikarringen å etablere eit styre, og ba LR-rådet om å ta over. Rådet fekk sett saman ei **leiknemnd** som har sett opp haustprogram for tysdagane.

Lagsstyret godkjende først den mellombelse ordninga med Rådet, men sidan dei ikkje klarte å få aktivisert meir enn 3-4 av sine medlemmer, fann lagsstyret at styringsgrunnlaget vart for svakt, og vedtok 14. juni å ta over økonomistyringa og å kalle inn til omframt årsmøte straks dei aktive melder at dei har folk til å fylle plassane i eit nytt styre.

Det er opp til medlemene og Rådet kva dei vil leggje opp av aktivitetar. Lagsstyret tek ikkje over dette. Men lagskontoret hjelper til med den praktiske, daglege drifta.

## Berg arkiva!

Hovudlaget fekk i fjor avlevert alt arkivmaterialet sitt som var eldre enn omlag 10 år, til Oslo byarkiv.

Vi oppmodar no alle særлага til å gjere det same. Lagskontoret hjelper til med kontakta til Byarkivet og har røymsler med det praktiske.

Ein ting er at nedpakking og avlevering frigjer plass. Vi må også hugse kor viktig det er for lags-soga at alt arkivmateriale vert teke hand om på ein trygg og profesjonell måte. Det kan brått skje noko som øydelegg verdiar, både materielle og immaterielle. Arkivmateriale - blad, protokollar, korrespondanse - kan ikkje gjenskapast.

Vi ber difor særlagsstyra om å ta dette opp med det første, og leggje ein plan for når de skal ha pakka. Kartongar og rettleiing får de på lagskontoret.

## Heimesidene

Vi er stadig i "prøve og feile"-stadiet der vi testar måtar å bruke publiseringsmalen på, og å finne ut korleis vi gjer det. Vi må opparbeide oss røymsler med dette før vi går vidare og utvidar sidene. Førebels prøver vi å få til ulike tilpassingar med leverandøren.


Ikkje minst står det att mykje før særлага får etablert rutinar og samla stoff om seg sjølve. Dette må også kome i gjenge. Redaksjonen vil invitere webkontaktene i særлага til eit rote-og-famle-møte over sommaren, der vi finn ut kva som er vanskeleg, og ser på løysingar.

Neste stadium tenkjer vi oss er medlemssider der ein kan logge seg inn med medlemsnummer, og finne alt mogleg av intern dokumentasjon. Og der skulle vi også gjerne ha eit diskusjonsforum. Mange har sakna den plassen kor vi kan kjekle i fred! Førebels byr sidene berre på allmenn informasjon.

## "Årets"-kandidatar?

Leiarar og rettleiarar: hald blikket ope i haust for medlemene vi ikkje kan vere utan, anten dei utmerkar seg med store eller små ting i dei daglege aktivitetane!

Til grautkvelden i desember vil vi ha framlegg på kandidatar som treng å verte lagt merke til. Send til Wenche før 1.12. Det er IKKJE meininga at til-litsvalde skal premiere kvarandre, men å løfte fram nokre "menige" som stiller opp, som kan ting, som fekk til noko i år, eller kva de nå finn å leggje vekt på. Dei finst jo! Og muntre Årets-titlar skal dei få.



Attende til:

BUL, Rosenkrantz gt. 8, 0159 Oslo

## Lagskontoret

Kontortid kvardagar kl. 9–16  
Sentralbord tlf. 23 21 41 60 lagskontor@bul.no

Kari Bøyum, dagleg leiar, tlf. 23 21 41 63  
kari.boyum@bul.no

Oddfrid Bjørndal, kontormedarbeidar, tlf. 23 21 41 62  
oddfrid@bul.no

Hege F. Pedersen, dagleg leiar Idrottslaget, 23 21 41 68  
idrottslaget@bul.no, hege.pedersen@bul.no

Olav Aaboen, arrangement Idrottslaget, tlf. 23 21 41 69

## Tillitsvalde

Lagsleiar: Wenche Blomberg, tlf. 22 37 38 10  
wenche.blomberg@jus.uio.no

Nestleiar: Sveinung Helgheim, tlf. 21 99 49 26/  
936 52 209 shelgh@online.no

Styremedlemer:

Vigdis Rønning

Trond Reitan

Karianne Johansen

Varamedlemer:

Arne Nordvi

Synnøve Myking

Vivian Sørensen

Ansvarleg redaktør for BUL-stikka: Wenche Blomberg

## Særlagskontakter

Barnelaget:

Trine Sjølyst 958 59 834

Idrottslaget:

Rune Stenersen 932 28 853

Leiknemnda:

Anne Cathrine Johansen 975 33 677

Songlaget:

Kari Rysst-Paulsen 900 83 832

Spellaget:

Henning Værnes 957 22 989

Den mangfaldige scenen (BU-teatret): Lagskontoret

## Kalenderen

August

18. Start Spellaget, i Teatermuséet

19. Lagsstyremøte

23.-24. Bislett Special Olympics

28. Start Songlaget, i Teatermuséet

September

2. Start Leikarringen og Barnelaget, i Halli

9. Lagsstyremøte

24. Planleggingsmøte med særлага

30. Lagsstyremøte

Oktober

10. Songlaget startar CD-innspeling

21. eller 22. Lagsstyremøte

29. Rådsmøte

November

4. Dansekveld, svenskedans med LR i Halli

5. Budsjettmøte med særлага

15. LAURDAGSFEST PÅ LOKALET, Teatersalen

26. Rådsmøte, førebels budsjett 2009

Desember

7. Songlagets julekonsert, Gamle Aker kyrkje

10. eller 17. Grautkveld med Årets-prisar

- Dessutan Spellagspremiere, dato ikkje fastsett.

**NB: Saker til lagsstyret må inn ei veke i førevegen!**

# I desember skjer det endeleg noko...

Laget har arbeidd i mange år for å ruste opp Teatersalen, og i haust kjem vi endeleg i gang med synlege tiltak. I første omgang er det foajeen som skal pusast opp og leggjast til rette for handikappa. Vi får stolheis i trappa og nytt handikap-toalett. Byggjearbeida tek til i desember.

S.H.

